

**Skeptisk til varmepumper**

04.11.2012

**Kommunen ved Tekniske tenester har no vurdert varmepumper i den trekkfulle fløyen ved skulen, men stillar seg skeptisk. Saka har si bakgrunn i det som hendte sist vinter då elevane hadde klede på i timen og temperaturen var svært låg også i rommet til lærarane. No skriv Knut Bjørgvik in svaret til FAU at delar av skulen allereie har SD-anlegg og at mykje av strømreduksjonen dermed er gjort. Om rehabiliteringen startar i 2015 som vedteke er ikkje varmepumper økonomisk fordelaktig og årleg vedlikehald og service kjem i tillgg.**

Tekniske tenester ser i staden for seg at det vert lagd til rette for eksterne varmekjelder som kan supplera eksisterande oppvarming. Då trengs det noko fleire 16 Amp kursar kopla opp mot SD-anlegget eller tidsur som kan driva eksisterande varmeviftar.

Hvis det skal kjøpast i kommunal regi må det skje i henhald til forskrift om offentlege anskaffingar. 8 varmepumper vil kosta 150 00 kroner og i tillegg kjem tilrettelegging og montering, opplyser Bjørgvik.

Av Ola Matti Mathisen